# Styringsgruppemøte KPA/KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen

## Rådhuset Lindås kommune – 24. mai 2018

**Deltakarar**

- Plan – og miljøutvalet
- Lindås kommune: Hogne Haugsdal, Siril Therese Sylta, Line Thuen Waage, Trude Langedal, Terje Villanger og Marte Hagen Eriksrud.

**Agenda**

1. Kommuneplanen sin arealdel (KPA) - Trender og hovudutviklingstrekk
   - Prognosar og oversikt over bustadbehov
   - Bustadpotensial i eksisterande byggeområde i Knarvik, Alversund, Ostereidet, Lindås
   - Administrasjonens forslag til å ta ut uregulerte område
   - LNF-spreidd busetnad
     - Bustadpotensial i eksisterande byggeområde elles i kommunen

2. Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen - Orientering:
   - Status KDP, vidare prosess
   - Alversund bru og avgrensing av omfang vegprosjekt i planarbeidet
   - Barnetråkk – presentasjon av funn
   - Kyststi – status arbeid
   - Sosial infrastruktur – foreløpig oversikt over fremtidig arealbehov
   - Hovedtrekk i innspela i planarbeidet

| **Tema – Avgrensing av Ostereidet** | |
|---|---|
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| | Diskusjon i styringsgruppa om detaljane for nærsenteravgrensinga.<br><br>Styringsgruppa er samd i nærsenteravgrensing av Ostereidet. |

| **Tema – Avgrensing Lindås** | |
|---|---|
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| Nærsenteravgrensingen er basert på kriterier i samfunnsdelen; nærleik til barnehage/skule ++.<br><br>Avgrensinga vil vere viktig for å kunne prioritere mellom innspel til planarbeidet. | Diskusjon i styringsgruppa om detaljane for nærsenteravgrensinga.<br><br>Styringsgruppa er samd i nærsenteravgrensinga av Lindås, men ber om at tilgrensande rosa område i sør, vert inkludert. |

| **Tema – Bustadpotensiale utanfor nærsentra – strategi 32** | |
|---|---|
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| Administrasjonen ønskjer ei avklaring på om ein skal opna opp for innspel frå innbyggjarar som gjeld nye bustadar i denne planprosessen. | AP – har ønskje om at kart, med oversikt over gule områder som administrasjonen foreslår å ta ut, hadde vore sendt ut i forkant av møte. |
| | Ap – lag ei kolonne med kva årstall det gule området vert lagt inn, slik at det er enkelt å sjå kor lenge det enkelte gule område har liggi inne. |
| | Ap – Vi ønskjer at det vert opna opp for å gje innspel. Viktig med mangfold i tilgjengeleg bustadareal. Viktig å ta ut ting, men og opne opp at innspel på nye. |
| | KrF – ein del av PMU sitt ansvar å avgrense omfanget av bustadareal. Gule områder gjev ein forventning om utvikling, men slik det er p.t. så er det ingen garanti for at eit gult område vert bygd ut. Vårt ansvar å legge til rette for ei utvikling som sikrar at gule områder faktisk blir bygd ut; sikre eit marknadsgrunnlag for dei gule områda og dermed ikkje opne opp for bustad i heile kommunen. |
| | FrP – ønskje om å legge til rette for at folk skal få bygge der dei ønskjar. Dei areala som det er mogleg å bygge på, bør opnast for det. Må bli lettare for folk å bygge der dei vil. Det er folk sitt val å måtte køyre på barn/unge. |
| Grunneigar/private vil ikkje ha hatt store kostnader i gule områder som ikkje er regulert. | Sp – Kva økonomiske og andre konsekvensar har det for grunneigar om ein tar ut eit gult område? |

| | |
|---|---|
| Spørsmålet vil vere aktuelt i diskusjonen om å ta ut regulerte gule områder. | |
| | H – viktig å opne opp at nye innspel når ein rydder vekk gamle, urealiserte gule områder. |
| | KrF – Viktig å sjå på prognosen for folketalet. Viss ein opnar opp for mykje gult areal, vil det kunne ødelegge markedsgrunnlaget for allereie regulerte gule områder. Det vil ha ein negativ økonomisk konsekvens for dei som har utarbeida reguleringsplan. |
| | KrF – det er ei klar forventing hos innbyggjarane om at det i KPA vert høve til å gje innspel. Det har me sagt i mange år; «Vent på KPA». Difor er det vanskeleg å seie nei til innspel.<br><br>Ulike folk som ønskjer å bu sentralt og som ønskjer å bu meir i periferien. Redd for at me går glipp av eit poentsiale for utvikling om ein berre legg til rette for bustad i sentrale strøk. |
| | Styringsgruppe har ønskje om at det vert opna opp for å gje innspel på nye bustader i planperioden. |
| **Tema – Kvalitetskrav ved vurdering og val av nye områder for bustad** | |
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| Administrasjonen ønskjer ei avklaring på om utvalet er samd i forslag til kvalitetskrav. Kan desse kvalitetskrava brukast til å velje/vekte mellom ulike innspel?<br><br>Alle kvalitetskrava skal ikkje vere oppfylt for å bli vurdert, men innspel til nye bustadareal skal vurderast med utgangspunkt i lista med kvalitetskrav.<br><br>Uproblematisk å ta inn arbeidsplasser som ekstra kvalitetskrav.<br>Vurdering av beliggenhet, terreng, topografi m.m. vil uansett vurderast for alle innspel. Det er lovkrav til kva tema som skal vurderast. | Sp – nærleik til arbeidsplassar bør og inn som eit kriterie for lokalisering av nye bustader. Stiller spørsmål vel kvifor senter er så sterkt vektlagt, og ikkje arbeidsplasser, når det gjeld lokalisering av bustader. Arbeidsreiser gir mye trafikk.<br><br>KrF – lista ok, men det er eit spørsmål om kva avstand som skal gjelde. I tillegg må ein vurdere om beliggenheten er rett.<br><br>Ap – ønskje om å få ei liste over alt som uansett blir vurdert ved innspel på bustadareal.<br><br>Ap - Viktig å legge til rette for områder i LNF-spreidd som er enkelt å bygge ut. Må unngå områder som krever store investeringer; Ras, ++. |
| Det er fleire uregulerte gule områder ein kan tilrå å ta ut. Dette blir ein del av det vidare planarbeidet. | KrF – er det ikkje mogleg å ta ut fleire uregulerte gule områder? |
| | Ap – er det mogleg å få to alternativ; eit strengt og eitt mindre strengt med omfang av områder ein ønskjer å ta ut?<br><br>Prinsipppet bør vere at ein vurderer alle gule ureguerte området. VIktig at det vert kjent at ein |

| | |
|---|---|
| | i KPA gjer ei vurdering av gule uregulerte område. |
| | Styringsgruppa – ønskjer ein variert busetnad i Lindås. Styringsgruppa er samd i kriterie for vurdering av innspel på nye bustadareal. Ønskjer at arbeidsplassar vert inkludert som kriterie. |
| **Tema – KDP KAA – Alversund bru og sentrum** | |
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| Kva rolle skal Alversund ha? Knytt opp imot Knarvik, type forstad. Kva arealformål skal me legge inn i KDP som legge til rette for ei ønskja utvikling i Alversund? Viktig akse frå Alversund, til Knarvik og Frekhaug. | Ap – brannfakkel – kva er Alversund i dag? Er det faktisk verdifullt? Ikkje alle som er samd i det. Kva skal vi legge til rette for? Snikinnføring som nærsenter i Alver kommune? Dødt sentrum på kveldstid. Vil utfordrre utvalet på dette.<br><br>Skulesentrum, butikkar, handlesenterum – det ligg 5 min unna Knarvik. Hadde ikkje vore aktuell diskusjon på Seim. Folk som er opptatt av kulturlandskap og historien synes Alversund er viktig, men er gjerne ikkje så viktig for mange (lite aktivitet ++). |
| | H - innspel på tilrettelegging for innfartsparkering sentralt i Alversund. Døme frå Trondheim – godt utvikla park and ride. Ønskje om park and ride i kommunen forøvrig også. |
| | Ap (Hogne) – Breitt og stort idrettslag, stor bustadtettleik, store frivillige lag og organisasjoner, innfartsport til terreng. Kva treng folk her? Skule, idrettshall, fotballbane, speider – vi har mykje og kva skal vi gjere for å støtte opp under den aktiviteten som er der/kan kome der?<br><br>Ungdomsklubb med dårlege fasilitetar. Ting som støtter opp under og forebygger folkehelse, fritidstilbod.<br><br>Park and ride er viktig om det kan sørge for at folk kan reise kollektivt til Knarvik og Bergen. |
| Den ved skulen skal primært være for skuleskyss. For utvikling av sentrum må og kollektiv sikrast. | FrP – Spørsmål om behovet for haldeplass for buss i Alversund, i og med at det vert lagt til rette for buss ved ny skule. |
| | Ap (Ståle) – park and ride nært opp til bompengeringen er viktig; park and ride etter bompengeringen fungerer ikkje. |
| | FrP – sliter med sal av leilighet i Ikenberget. Viktig å få aktivitet i gamle skulen og sikre utvikling. |
| | KrF – nå har vi mulighet til gjere noko nytt. Behov for samlingspunkt opp imot naturen. Folk bur tett. Ny brekkeløype – kyststien. |
| | Krf – Sebjørg – behov for bygdekafé/kantine. |

| | |
|---|---|
| | KrF – Mål om å redusere biltransport. Park and ride, men behov for matbutikk for detaljhandel, samt kafé, kontorarbeidsplassar, næring – tanker vi bør vurdere. |
| | KrF – areal til publikumsretta næring. |
| | Ap – bekymring i bygda om fotballbane – behov for ny bane. Kapasiteten er sprengt i dag. |
| | Ap - Tveiteløypa – nord for dagens bru. Rundløype. |
| | Ap - Kan kyststien løse g/s mellom Alversund og Knarvik? |
| | Ap – Kommentar til utsendt notat. Viktig at det ikkje er vegsystem til Isdalstø , men til Knarvik. |
| **Tema – Barnetråkk** | |
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| Gjennomført 6. og 9. klasse i Alversund og Knarvik.<br><br>Videra arbeid; ferdigstille rapport, avklare oppfølging, besøke elevene før sommaren og endelig tilbakemelding til styringsgruppa | Styringsgruppa er opptekne av at funn i Barnetråkk vert fulgt opp i budsjett og planarbeid. Viktig at elevane vert invitert til å komma med innspel til planarbeid, til dømes ved høyring av planforslag. Dette bør kommuniserast til skulane. |
| **Tema – Kyststi** | |
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| Administrasjonen vil presentere Kyststien og gang- og sykkeltilbodet i planområdet i same møte, slik at ein kan sjå dette i ein samanheng. | Styringsgruppa er positive til prosjektet. Ønskjer at arbeidet med Kyststien vert sett i samanheng med gang- og sykkeltilbodet i planområdet samla sett. Stilt spørsmål om Kyststien kan fungere som hovedtrasè for sykkel mellom Alversund og Knarvik. Viktig å utfordre Statens vegvesen på alternative løysingar. |
| **Tema – Private innspel** | |
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| | FrP m. fl – Viktig å unngå dispensasjonssaker for påbygg m.m. på bustader i LNF-områda. |
| Det er dialog med Statens vegvesen i saka, og det er p.t. ikkje land. Administrasjonen vil kome attende med forslag til praktisk løysing. | Ap - Korleis sorterer avgrensing mellom KDP E39 og KDP KAA? Kan ein legge farge på farge i kartet til KDP KAA? Kan vi regulerer i desse korridorane på vilkår av at det ikkje kjem E 39 der? |
| Det er kome innspel på auka utnyttelsesgrad på enkelttomter. | KrF – er det kommet innspel på auka utnyttelsesgrad? Kan vi gjere noke i KDP for å avhjelpe forskjellen i utnyttelsesgrad mellom ulike reguleringsplanar?<br><br>KrF – lov med små bygg utan søknad, men viss den utbygginga gjør at ein overgår |

| | |
|---|---|
| | utnyttelsesgraden så får en ikkje lov til å bygge. Kan vi gjøre noe med det?<br><br>Ap-noen gamle planar utan utnyttelsesgrad, noen frå 80-tallet, og noen frå 90-tallet. Sjølv om tomtestorleiken er lik. |
| | KrF – resttomter rundt omkring. Er det noe vi kan gjøre med slike resttomter, som gror igjen og er til sjenanse? |
| Veg er privatrettsleg. Kan ikkje regulerer at kommunen kan ta over. Hvis vi legger det som offentleg vei så legg vi til rette for at det kan brli eierskifte, men eierskifte er et privatrettslig forhold, og ikke noe som kan reguleres i plan. | KrF – privat ved eller kommunal veg. Mange planer der kommunen skal ta over vegen når den er bygd ut. Utfordring med private vegar; krevjande å få oversikt over eigarskap, brøyting vedlikehald m.m.<br><br>Sp – problem at private ikke bygger ut etter den standard som kommunen vil ha, og det er bakgrunn for at vegen ikkje vert overdratt til kommunen. |
| Innspelskartet i nordhordlandskart ferdig før sumaren. Vil gje melding til PMU når det er klart. + sak på nettsida.<br><br>Grovsiling og argumentasjon bak silinga vert presentert for styringsgruppa. | Styringsgruppa ønskjer at ein ved vurdering av innspela inkluderer ei vurdering av om innspelet er i tråd med samfunnsdelen eller ikkje. |
| **Tema – Mogleg framtidig offentleg arealbehov** | |
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| Brutto liste – er det noe utvalet saknar på lista?<br><br>Moglegheitsstudie for lokalisering av kulturhus, med svømmebasseng, i Knarvik er starta opp. | Ap - Tekniske innstallasjoner. |
| | Ap – Kva med svømmehall? |
| | Ap – gravplass? Må sjekke om det er kapasitet på lang sikt. |
| | Ap – skysstasjon. Den som er bestemt i Knarvikplanen er flytende jamfør det Skyss ønskjer. P.t. plassert slik at det er krevjande om Svv ikkje lander på kryss i fjell. Endeleg plassering av skysstasjon vil avhenge av endeleg løysing for E 39. Skysstasjon bør og sjåast i samanheng med Kulturhus.<br><br>Holdeplassløysing versus skysstasjonen; kva er behovet i Knarvik? Viktig å ha med. |
| Viss vi reduserer byggeområde i Lonena, må vi og redusere i KDP KAA. Markagrensa vert justert i høve til utbyggingsfelta. | Ap – forholdet mellom KDP KAA og Loneneplanen. |
| Markagrensa er ei byggegrense.<br><br>Retningslinjegrense er ikkje mulighet lenger (som i gjeldande KDP), nå må det være byggegrense. Nye regler i Pbl. | Ap – markagrensa bør følgje bebyggelse. Bør gje markagrensa ei større betydning enn tidlegare.<br><br>Markagrensa kan gå til plangrense, men må da følges opp i KPA. |

## Oppsummering

Møteplan

- Adm. sender ut avlysning for styringsgruppemøte 5. juni.
- Nytt styringsgruppemøte i PMU 13. juni. Plan for medverknad i KPA vert lagt fram i møte 13. juni.
- KDP KAA - Innspelskartet i nordhordlandskart ferdig før sumaren. PMU vil få melding når kartet er klart.
-

Styringssignal

- Styringsgruppa er samd i nærsenteravgrensing av Ostereidet.
- Styringsgruppa er samd i nærsenteravgrensinga av Lindås, men ber om at tilgrensande rosa område i sør, vert inkludert.
- Styringsgruppe har ønskje om at det vert opna opp for å gje innspel på nye bustader i planperioden. Styringsgruppa ønskjer ein variert busetnad i Lindås.
- Styringsgruppa er samd i kriterie for vurdering av innspel på nye bustadareal. Ønskjer at arbeidsplassar vert inkludert som kriterie.
- Styringsgruppa er opptekne av at funn i Barnetråkk vert fulgt opp i budsjett og planarbeid.
- Styringsgruppa ønskjer at arbeidet med Kyststien vert sett i samanheng med gang- og sykkeltilbodet i planområdet samla sett.

Bestilling

- Liste over alle tema; terreng, ras, soltilhøve m.m., som vert vurdert i samband med innspel på bustadareal.
- Forslag til uregulerte gule områder som kan tas ut. Ønskje om to alternativ; eit omfattande forslag (fleire arealer det mogleg å ta ut) og eit meir avgrensa (mindre strengt) forslag.
- Prinsipppet bør vere at ein vurderer alle gule ureguerte områdét. VIktig at signal kjem ut til dei som eig gule ureguerte områder er at dei vert vurdert.
- Viktig at elevane vert invitert til å komma med innspel til planarbeid, til dømes ved høyring av planforslag. Dette bør kommuniserast til skulane.
- Styringsgruppa ønskjer at ein ved vurdering av innspela inkluderer ei vurdering av om innspelet er i tråd med samfunnsdelen eller ikkje.